

Årsmelding  
2010



Utsiktsrydding på Våmur

# Fyresdal kommune

## **FYRESDAL – GJER DRAUMEN LEVANDE**

### ***Vi kan, vil og får det til.***

*Auke folketalet for å trygge offentlege og private tilbod.*

*Handlekraft og kreativitet skal prege næringsarbeidet i Fyresdal slik at nåverande og nye bedrifter får lyst og mot til å satse.*

*Arealforvaltninga skal ta omsyn til busetjing, næringsliv og naturkvalitetar.*

*Skule og kultur skal spele ei nykelrolle i utvikling i kommunen.*

*Arbeide for å sikre gode kommunikasjons- og samferdselsårer i Vest - Telemark.*

*Gjennom handlekraft, fleksibilitet og utradisjonelle løysingar, skal Fyresdal vere ein framifrå stad å bu og virke.*

Fyresdal kommune har i år hatt eit monaleg overskot på drifta. Dette vitnar om god økonomistyring i tillegg til ekstra midlar frå Staten på slutten av året som vog opp noko mot eit meirforbruk av straum og prisauke som det nok ikkje vart teke tilstrekkeleg høgde for i budsjettet.

Arbeidet som tillitsvalde, tilsette og leiarar har gjort ved Pleie og omsorgsenteret for å analysere tidlegare års underskot har gitt positivt resultat. For første gong på mange år kan sektoren syne til eit overskot trass i eit hektisk år.

Fyresdal kommune har i dette året hatt stort fokus på HMS-arbeid. Bedriftshelsetenesta hevdar at kommunen nå ligg langt framme på dette området.

Arbeidsmiljøundersøkinga i barnehagen syner eit godt arbeidsmiljø som avspeglar resultatet frå tilsvarande undersøkingar i andre avdelingar tidlegare år.

Arbeidet med utbetring og utbygging av Gimle skule og tilliggande uteareal var ved årets slutt i rute både økonomisk og tidsmessig. Lærarar og elevar, både dei som gjennom hausten har hatt sitt virke på hotellet eller dei som var att i småskulesteget, har på ein særdeles positiv måte gjort nødvendige tilpassingar for at skuleutbygginga har lykkast så godt.

Teknisk sektor slutførte arbeidet med opprusting av Helsehuset. Med nytt inngangsparti og ljose fine lokal har dette blitt triveleg både for tilsette og brukarar.

Arbeidet med å bygge ut demensavdeling og fleire omsorgbustader kom godt i gang på slutten av året. Statlege midlar som er øyremerka føremålet og oppstarten av ei samhandlingsreform tyder på at vår satsing her kjem til rett tid.

Det er gjennomført fleire tilsyn gjennom året. Den mest krevjande i så måte har vore tilsyn i barnehagen som førte til at kommunen måtte sette i gang eit arbeid med å få lokala godkjent.

Eit handlekraftig kommunestyre gjorde nødvendig vedtak om bygging av eit lagerbygg ved Telemark Kildevann. Bare eit halvt år etter vedtaket vart gjort stod bygget ferdig.

Fyresdal kommune la forholde til rette for sal av Foldsæ AS. På slutten av året var salet på det næraste ein realitet. Arbeidet med å få til eit sal av hotellet eller finne nye aktivitetar har vore arbeidsamt og krevjande. Arbeidet har så langt ikkje ført fram, men bruk av hotellet som skulebygning har vore vellykka og spart kommunen for store kostnader med leige av provisoriske undervisningslokaler.


Folketalet vart gjennom året redusert med 30 personar. Frå årsskiftet hadde vi 1351 innbyggjarar. Dette har fleire årsaker som at talet på utflytte har vore større enn talet på tilflytte. I tillegg har talet på døde vore langt større enn fødde. Når desse faktorane slår ut i negativ lei om lag samstundes får vi ei lite ønska folketalsutvikling. Fyresdal kommune har og i år teke mot flyktingar og har sett i gang nytt rekrutteringsprosjekt for å auke tilflytting. Dette er neppe nok. Det viktigaste i framtida for å lykkast med folketalsauke er å legge forholde til rette for å etablere alle typar arbeidsplassar, ikkje minst kompetansearbeidsplassar.

Kommunestyret gjorde på slutten av året vedtak om å redusere talet på medlemar i kommunestyret frå 21 til 13 frå neste valperiode. Eit spanande val som vil gje nye utfordringar både politisk og administrativt for komande år.

Det høyrer til unntaka at det blir klaga over kommunale tenestetilbod. Dette fortel oss at vi leverer kvalitativt gode tenestetilbod innafør gjevne økonomiske rammer. Det er difor ei glede å avslutte eit godt arbeidsår med å kunne gje tilsette ros og takke for innsatsen dei gjer innan sine fagområde. Samarbeidet mellom tilsette, politikarar og tillitsvalde fungerer godt. Frå politisk side er der lagt ned mykje arbeid i ad-hoc utval.

*Fyresdal 15.03.2011  
Rådmann*

## Politisk organisasjonskart 31.12.10



Kommunestyret er samansett av 21 representantar.  
6 frå Arbeiderpartiet, 7 frå Bygdelista og 8 frå Senterpartiet.  
12 menn og 9 kvinner

### Utvallsaker i 2010

Utval	2008	2009	2010
Kommunestyret	97	75	77
Formannskapet	76	79	82
Næringsfondsstyret	29	21	32
Hovudutval for kultur, oppvekst og omsorg	74	65	60
Hovudutval for landbruk og teknikk	66	57	47
Administrasjonsutvalet	30	19	15
Klagenemnda	3	-	1
Eldreråd	12	12	13
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	20	10	15
Valstyret	-	6	-
Valnemnda	16	10	10
Politisk forhandlingsutval	1	1	1
Arbeidsmiljøutvalet	21	24	15
Kontrollutvalet	14	22	26

## Hovudtal rekneskap

Rekneskapan i år viser eit driftsoverskot på 1,4 millionar som ein vil avsette til disposisjonsfond.


God kontroll på utgiftssida og større inntekter er hovudårsaka til mindreforbruket.

I den daglege drifta har alle sektorane halde seg rimeleg godt innanfor budsjett. Det er likevel nokre postar som burde ha vore justera gjennom året utan at dette er blitt gjort.

Ansvar	Opprinneleg budsjett				Justera budsjett				Regnskap			
	Løn	Driftsutg.	Inntekt	Netto	Løn	Driftsutg.	Inntekt	Netto	Løn	Driftsutg.	Inntekt	Netto
Fellestener	12185	7391	3687	15889	10723	8624	5340	14007	8990	8752	5510	12232
Helse/Omsorg	31356	6002	6929	30429	34585	8935	11809	31711	35463	9081	13001	31543
Kultur og oppvekst	25013	5182	7741	22454	27394	6390	10727	23057	27643	6708	11166	23185
Plan og teknikk	9075	10773	10839	9009	9351	12774	12910	9215	8777	14163	13118	9822
Felles	0	25289	103070	-77781	0	29067	107057	-77990	0	31554	108336	-76782
	77629	54637	132266	0	82053	65790	147843	0	80873	70258	151131	0

Det er gjennomført oppfylggingmøte på budsjett mellom kvar sektor og økonomiavdelinga jamleg gjennom året. I vår hadde vi eit særleg fokus på lønsbudsjettet innanfor pleie og omsorg, noko som har gitt eit godt resultat på rekneskapan. Straumutgifter og ekstrautgifter til midlertidige skulelokale er dei postane som ikkje har fått tilstrekkeleg auke i budsjettjusteringane gjennom året og viser soleis eit overforbruk på rekneskapan.

For meir detaljering viser vi til kvar enkelt sektor.



Driftsinntektene har auka med 9,1 %.

Driftsutgiftene har auka med 2 %.

Lønsutgiftene har auka med 2,4 %.

Skatteinntektene har auka med 10,8 %.

Rammeoverføringane har auka med 0,6 %.



Utbygging av Gimle

## Investeringsrekneskap

Dei største prosjekta på investeringssida har i år vore


- Ny vegtrasè til barnehage/helsehus
- Oppstart av Gimle skule
- Ny lagerhall på Molandsmoen
- Ferdigstilling av vassforsyning Sørbygda
- Ferdigstilling av bibliotekutbygging

I tillegg til dette har vi fått ny brannbil og musikkbinge.

## Oversikt over fond og langsiktig gjeld

Stor auk i gjeld grunna opptak av lån i samband med investeringsprosjekta, lagerhall og skuleutbygging.

	31.12.2008	31.12.2009	31.12.2010
<b>Sum Fond</b>	34 200 381	31 736 344	30 633 182
<b>Sum Gjeld</b>	17 804 367	15 940 593	53 817 744



## Folketalsoversikt

Netto folketalsutvikling er – 30.

Fødselsunderskotet blei rekordstort i år med -16

Tekst	2008	2009	2010	Prognose 2020
Folketal pr. 31.12.	1379	1381	1351	1470
Fødde i året	13	16	6	
Døde i året	17	12	22	
Innflytting	66	57	55	
Utflytting	58	58	69	

## Finansrapportering

### Rapportering for midlar rekna til driftsformål

	31.12.2009		30.04.2010		31.08.2010		31.12.2010	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Innskot hos hovedbank	38,3	93	46,3	94	27,7	90	63,1	95
Innskot i andre bankar	3	7	3	6	3	10	3,1	5
Samla kortsiktig likviditet	41,3	100 %	49,3	100 %	30,7	100 %	66,2	100 %
Avkastning i 2010			1,92		2,16		2,26	
Avkastning benchmark			2,55		2,14		2,17	


Avkastning i 2010 ligg noko over benchmark men med så store summer bør ein søke etter større avkastning. Grunnen til den store auken i likvide midlar er at ein har teke opp lån til skuleutbygging på slutten av året og der kostnadane ennå ikkje har kome i nokon særleg grad.

### Rapportering for lånemidlar

	31.12.2009		30.04.2010		31.08.2010		31.12.2010	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med pt. rente	3,5	22	3,5	14	3,6	14	3,4	6
Lån med NIBOR basert rente	2,7	17	2,4	9	2,2	9	1,6	3
Lån med fast rente	9,7	61	19,6	77	19,3	77	48,8	91
Finansiell leasing								
Samla langsiktig gjeld	15,9	100	25,5	100	25,1	100	53,8	100
Effektiv rentekostnad i 2010			2,17		2,75		3,54	
Kostnad benchmark			2,64		2,27		2,46	
Antall løpande enkeltlån	9 stk		10 stk		11 stk		12 stk	
Største enkeltlån	NOK 6,3 mill		NOK 10 mill		NOK 10 mill		NOK 30 mill	

Vi har ein høgare rentekostnad enn benchmark, noko som skuldast at vi har ein stor del av låna i fastrente.


### Bruk av rådmannens million fordelar seg slik



## Interkommunale samarbeidsprosjekt

Samarbeidsprosjekt	Organisasjonsform	Deltakarar	Kommunen sin representant pr. 31.12.2010
Renovest	IKS	Seljord, Vinje, Kviteseid, Tokke, Fyresdal	Arild Metveit
Barnevernsamarbeidet	Kviteseid er vertskommune	Vest-Telemark kommunane	
Pedagogisk Psykologisk Teneste, PPT	IKS	Vest-Telemark kommunane	Kjersti Bergland (vara)
Legevaktsamarbeidet i Arendal	Arendal er vertskommune	Nissedal og Fyresdal + kommunar frå Agder	Kjersti Bergland
Vest-Telemark Brannvesen	IKS	Vest-Telmark kommunane	Rådmann (vara)
Interkommunalt arkiv, IKA Kongsberg	IKS	Kommunar og fylkeskommunar i Buskerud, Telemark og Vestfold (BTV)	Gunn Tone Noraberg
Vest-Telemark Tinget		Vest-Telemark kommunane + Hjartdal	Ordføraren
Telemark kommunerevisjon	IKS	Kommunane i Telemark	Liv Aune
Telemark Kontrollutvalssekretariat	IKS	Kommunane i Telemark	Ordføraren
Krisesenteret i Telemark	Skien er vertskommune	Diverse kommunar	

## Organisasjonskart Fyresdal kommune 31.12.2010





Fyresdal kommune er ei Inkluderande arbeidslivs-bedrift (IA). Ny avtale blei undertekna for perioden 2010-2013.

Hovudpunkta i handlingsplanen:

1. Redusere sjukefråværet til under 6%
2. Auke sysselsettinga av personar med redusert arbeidsevne
3. Auke avgangsalder

Fokus på målretta arbeid med tilrettelegging i arbeidssituasjonen / førebygging av sjukefråvær løyste ut ca kr.40.000 i tilretteleggingstilskot og BHT-honorar. NAV gav og tilskot til prosjektarbeid som galdt samarbeid på tvers av avdelingar.

Vi har eit svært godt samarbeid med kontaktperson i IA og med NAV lokalt.

### **Fysisk aktivitet**

Ordning med personaltrim blei igangsett 1.mars. Dette inneber at tilsette som har minst 100 treningsøkter a`45 min. i løpet av eit år, har rett på 2 dagar fri med løn. Tilsette i under 50% stilling har rett på 1 dag. 56 tilsette har opparbeidd seg rett til fridagar. Desse skal takast ut i 2011.

### **Likestilling**

Vi arbeider for å få tilsett fleire menn i dei kvinnedominerte avdelingane i kommunen. I barnehagen er det fleire menn, det er og tilsett ein mann på reinhaldsavdelinga, og vi har gode erfaringar med menn innan pleie og omsorg.

### **Statistikk for Fyresdal kommune**

Antal årsverk	137
Antal tilsette	190
Andel kvinner tilsett	84,7 %
Snitt alder tilsette	47,5 år
Andel deltidstilsette	68,4 %
Avgangsalder	64,45 år

Sjukefråværet var 7,42%  
Snitt avgangsalder var 64,45 år.

Vi har lyst ut 38 ledige stillingar, inkludert ferievikarar.

2 tilsette har fått gullklokke eller gåvekort etter 25 års teneste i kommunen.

### **HMS pris**

Ordninga med HMS-pris blei innført. Intensjonen med denne er å stimulere til godt HMS arbeid. Grupper/enkeltavdelingar, som meiner dei har gjort eit særst godt arbeid innan HMS, kan søke om prisen som er på kr.10.000. Amu er jury. Første prisutdeling blir i 2011.

### **Risiko og Sårbarhetsanalyse (ROS)**

Arbeidet med ROS blei påbyrja i siste halvår. Det er eit svært godt verkty for å identifisere hensiktsmessige tiltak som sikrar førebygging av avvik. Intensjonen er å skape ein helsefremjande arbeidsplass med høg kvalitet på arbeidsmiljøet totalt sett.

Vi dela organisasjonen i 11 område. Totalt vart det gjennomført 24 møte. Tilstades var verneombod, tillitsvalde, grupper av tilsette, leiarar og HMS konsulent.

Arbeidet blei fullført i 5 av avdelingane innan utgangen av året.

Risiko blei vurdert i forhold til områda

- Personhelse
- Kvalitet
- Økonomi
- Omdømme
- Miljø

### Nærversmøte

Det blei halde regelmessige møte med fokus på oppfylgingsarbeid. Intensjonen er at alle aktørane i førebyggings- og oppfylgings arbeid saman kjem fram til gode løysingar i den enkelte sak.

Ved tilgang på rett kompetanse frå fastlege, IA, lokalt NAV, og frå SAMT, sikrar ein at den som er sjukmeld, eller stend i fare for å bli det og næraste leiar, får hjelp til å finne gode løysingar.

Organisasjonen kvalitetssikrar samstundes ein viktig del av IA arbeidet.

15 tilsette hadde tilrettelegging i arbeidssituasjonen i løpet av året. Stoa for desse:

- 6 tilsette attende i ordinært arbeid i eiga stilling
- 6 tilsette har framleis midlertidig tilrettelegging
- 1 tilsett har varig tilrettelegging i eiga stilling
- 1 tilsett har fenge intern attføring
- 1 tilsett har gjenge over i gradert uførestønad



Klare for haustfest!

### Samarbeid på tvers

Gjennom heile året har det på leiarnivå vore eit målretta arbeid for å sette samarbeide på tvers av sektorar i system.

For å levere gode tenestar og bygge godt omdømme har tverrfaglege satsingsområda vore: HMS ROS analyser, samfunnsberedskap, rekruttering, personell disponering på tvers av sektorar, opplæring, økonomioppfølging, integrering av nye innbyggjarar, etablering av tverrfaglege fora, førebyggjande arbeid, heimesida, skuleutbygging og planlegging av utbyggingsprosjekt.

Arbeidet har gjeve gode resultat og overordna målsetingar innan mål for service og kundekontakt, leing og medarbeidarutvikling og arbeidsmiljø er i stor grad nådd.

### Bedriftshelseteneste

Vest-Telemark Bedriftshelseteneste blei 01.01.2010 fusjonert med Bedriftshelsetjenesten SAMT.

Samarbeidsavtale med SAMT blei gjeldande frå same dato. Betalingsordninga er endra frå tidlegare medlemskap, og basert på ein fastpris pr. tilmeldt. Kwart oppdrag blir så fakturert time for time.

I fastprisen ligg ein time pr. tilsett pr år, der den enkelte kan ta kontakt for hjelp/rådgeving utan at arbeidsgjevar blir fakturert for dette.

Alle tilsette i kommunen er tilmeldte i ordninga.

Handlingsplan for samarbeidet med SAMT gjeld for perioden 2010-2012

Intensjonen er at planlagd aktivitet skal stette måla som ligg i IA avtala og sikre at krava i Arbeidsmiljøloven vert møtt.

Hovudpunkt :

- Regelmessig arbeidsmiljøgjennomgang i alle avdelingar
- Målretta helsekontroll der det er krav om dette, eller det er vurdert som hensiktsmessig
- Rådgeving i førebygging av/oppfølging ved, sjukefråvær

Det blei gjennomført ein målretta helsekontroll og ei arbeidsmiljøundersøking m/målretta helsekontroll i 2010.

Kontaktpersonen frå SAMT møtte i 3 møter i arbeidsmiljøutvalet.

Kompetansen blei elles nytta til rådgeving/undervisningsarbeid.

- Fastpris for medlemskap: kr 79 730,-
- Fakturerbar tid: 99 timar
- Kostnaden totalt: kr 172 763,-

## Seniorpolitikk

Arbeidstakarar som har fylt 62 år får 1 veker ekstra ferie, når ein fyller 64 år får ein ytterlegare 1 veke, totalt har ein då etter 64 år 8 veker ferie.

Desse "ekstra" ferievekene kan takast ut i samanheng eller delast opp slik ein sjølv ynskjer.

Kommunen hadde tilbod om gratis influensavaksine og svineinfluensavaksine til alle tilsette. Bare 10 tilsette nytta seg av tilbodet.

## Opplæring

Det var sett av kr 350.000,- til opplæring. Utifrå prioritera opplæringsplanar frå dei ulike sektorane vart midlane fordela slik:

Kultur og oppvekst	71.000
Helse og omsorg	129.000
Plan og teknikk	55.000
Fellestenesta	45.000
Leiaropplæring	50.000

## Lærlingar

Kommunen hadde 5 lærlingar i vårhalvåret 2010, to av dei tok fagprøva i vår. Frå august fekk vi 6 nye lærlingar slik at vi ved nyttår hadde 9 lærlingar, 4 i helsearbeidarfaget, 3 i barne- og ungdomsarbeidarfaget, 1 i institusjonskokkfaget og 1 i kontor og administrasjonsfaget.


## Fråvær

Sjukefråvær

Mål

- sjukefråvær under 6%
- 60 % av dei som har korte sjukefråvær, 1 – 16 dagar, brukar eigenmelding og ikkje sjukemelding

I ein liten kommune som Fyresdal vil små endringar kunne gje store prosentvise utslag. Til dømes vil 1 årsverk i sjukemelding medføre 0,7% auke i sjukefråvær totalt.



Totalt fråvær heile 2008	6,90
Totalt fråvær heile 2009	8,55
Totalt fråvær heile 2010	7,42

Bruk av eigenmeldingar ved korte fråvær 1 – 16 dagar	2008	53,10 %
Bruk av eigenmeldingar ved korte fråvær 1 – 16 dagar	2009	70,41 %
Bruk av eigenmeldingar ved korte fråvær 1 – 16 dagar	2010	59,62 %

## Avdeling for bygdeutvikling

### Mål

- halde tett kontakt med verksemdene
- utarbeide rutiner for handtering og oppfyljing av buplikt- og konsesjonssaker
- stimulere til samarbeid og godt fagmiljø i landbruket
- revidere landbruksplanen
- ny drift på hotellet
- ferdigstille bryggeparken

Avdeling for bygdeutvikling har det daglege ansvaret for næringsarbeidet i kommunen, jordbruk, skogbruk og reiseliv.

### Turistinformasjonen/reiseliv

Drifta av Turistinformasjonen blei i ei treårig avtale lagt til Sporten Fyresdal. Den var open seks dagar i veka i juni, juli og august, men det blir ytt service for turistar gjennom resten av året. Dette har vore ei god ordning for begge partar.

Fyresdal Gjestegard er ein nyetablert serverings- og overnattingsverksemd (juni -10), og er særst velkomen.

Hotellet er framleis ute av normal drift, men Fyresdal Vertshus har hatt avtale om å handtere utleige av leiligheitane. Til tider er det likevel for dårleg overnattingskapasitet, særleg på enkeltrom.

### Måresultat opp mot vedtekne mål

Det har vore halde god kontakt med mange av verksemdene. I løpet av året har næringssjefen besøkt 19 verksemdar, dels saman med ordførar og rådmann. Avdelinga har delteke på årsmøta i landbruksorganisasjonane og i Næringsorganisasjonen (FNO). Næringssjefen er fast sekretær i FNO.

Buplikt- og konsesjonssaker har vore fylgt tett opp. Kommunen deltok i eit prosjekt som Folkeregisteret hadde i høve fiktive flyttemeldingar. Vi meldte inn to aktuelle saker, utan å kome nokon veg med desse. Folkeregisteret avvikla heile prosjektet på hausten. Det har vore tett dialog med Fylkesmannen om slike saker. Både rådgjevar landbruk og skogbrukssjef har deltatt på kurs i verdivurdering av landbrukseigedomar.

Revidering av landbruksplanen er ikkje sett i gang ennå. Avdelinga har dette året vore med på arbeidet med Landbruksplan for Vest-Telemark.

Det har ikkje lykkast å skape ny drift ved hotellet. Presentasjon av hotellet med tekst/bilde har lege på heimesida, og det har vore annonsera i aviser. Det har vore kontakt med ei rekkje helse- og interesse-organisasjonar, med telefonoppfylging etterpå. Interessentar har vore på befarig, men vi har ikkje nådd heilt fram.

Målet med ferdigstilling av Bryggeparken er ikkje nådd. Den ligg i eit område med sterk bandlegging frå Fylkesarkeologen. Vi har motteke ei beskriving av kva omfang arbeidet deira vil ha. Kostnaden vil ligge på kr 60-80 000,-, og det vil vere sterke føringar på korleis arbeidet kan gjerast.

Resultat gjestedøgn	2008	2009	2010	Auke/ nedgang	Auke/ nedgang %
Besøk turistinformasjonen	1 731	1 294	1 924	+ 630	+ 32,7
Gjestedøgn hytter/camping	11 746	14 043	15 784*	+ 1 741	+ 11,0

\*

Stipulert pga. manglande rapportering frå tre overnattingsverksemdar.

## Anna aktivitet

Deltaking i to samarbeidsprosjekt innan reiselivsutvikling i Vest-Telemark. "Vandreregionen", der målsettinga er å kvalitetssikre vandreruter opp mot nasjonal standard, og felles reiselivs- og aktivitetsbrosjyre.

Nærings sjefen har delteke i arbeidet med å lage ein overordna Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark.

Igangsett eit prosjekt for å synleggjere Fløytingsdammar som kulturminne og nytte dette i reiselivssamanheng. Der gjort omfattande restaurerings- og tilretteleggingsarbeid på Rusvassdammen i Borggrend.

Befaring med Bergvesenet for sikring av Moisesberg gruver. Det er søkt om midlar frå Sparebankstiftelsen DnB NOR.

Nye informasjonsskilt om sal av fiskekort er sett opp. Skilta for turstigane vil bli skifta våren 2011 etter reklamasjon hausten 2010. Koordineringsarbeid og utbetaling av tilskot til oppkøyring av skiløyper i ulike delar av kommunen.

Ryddings- og opprustingsarbeid på stigar og strender.

Prosjektet Økoløft i Fyresdal er blitt avslutta, sluttrapport er sendt.

Sekretærarbeid i arbeidsgruppa for vegnamnprosjektet. Det er gjennomført fem arbeidsmøte og eit møte med Statens Kartverk, folkemøte med grendelaga og Sogelaget. Sekretæren deltok på Statens Kartverk sitt kurs i adressevegleiaren. Forslaga er sendt ut på høyring.

Rekrutteringsprosjektet i samarbeid med Placement blei starta i slutten av året.

## Næringsarbeid/-næringsfond

Det er handsama 20 søknader om økonomisk støtte frå næringsfondet, og løyvd totalt kr 1 133 667,-.

Det er åtte saker meir enn i 2009, men med mindre utbetaling pr. sak i snitt:

	2006	2007	2008	2009	2010
Ant. saker	13	18	19	12	20
Sum utbetaling	1 881 000	1 660 060	1 953 997	2 158 574	1 133 667
Gj.snitt pr. sak	144 692	92 226	102 842	179 881	56 683

Det er gjeve tilskot til etablering, utvikling, investering, marknadsføring, kjøp av mjølkekvote, forprosjekt rekrutteringsprosjekt, og lønstilskot til sommararbeid for skuleungdom. Dei største utbetalingane har vore investeringstilskot i landbruket. Det er blitt gitt seks etablerartilskot i 2010, mot to året før.

Det blei gjort vedtak om tilbakeføring av kr 396 218,- frå perioden 2002 – 2009 der tiltaket ikkje har kome i gang, eller er blitt billigare enn budsjettert. Tilbakebetalt eit tilskot fordi verksemda flytta ut av kommunen.

Telemark Kildevann a/s har i 2010 investert i ny produksjonsline, og auka talet på tilsette til over 40.

J.B. Ugland sitt kjøp av Austre Nape har skapt aktivitet og arbeid for lokale byggeverksemder.

Året har og blitt sterkt prega av usikkerheit rundt drifta på Foldsæ/Steinerskulen.

Folkestadbyen med sine særeigne butikkar er eit reisemål for dagsturar for hytteeigarar og –leigarar i nabokommunane.



## Skogbruk, landbruk og viltforvaltning

### Skogbruk

Skogbruket fekk ein gledeleg oppsving med avverking tilsvarande slutten av 1990- talet. Høg avverking skaper positive ringverknadar for m.a. investeringsgraden i skogen. Ungskogpleie, tynning, og ikkje minst vegbygging fekk auka fokus.

Auka aktivitet skuldast i stor grad nye skogbruksplanar i kommunen, kombinert med gode rammebetingelsar lokalt og nasjonalt.

Prosjektet "Utsiktsrydding i Fyresdal" blei sett i gang, med særst flott resultat langs Fv355 over Våmur.

	2008	2009	2010
Tømmerleverandørar	63	49	54
Snitt m3 pr leverandør	451	452	702
Snittpris pr m3	335	273	326
Avverka m3	28 388	22 147	37 895
Bruttoverdi (i 1000 kr)	9 517	6 055	12 360
Tilskot næring og miljøtiltak	315 674	189 453	198 108
Skogpleie:	49 000	179 000	976 000
Skogvegar:			
Tynna dekar	357	376	387
Innbetala til skogfond	1 269 061	976 231	1 521 450
Utbetala frå skogfond (investering i skogbruket)	1 118 381	2 319 132	1 356 655

Totalt 1 681 daa. blei avstandsregulert, og det blei sett ut ca 34 635 planter. Alle skogkulturtiltak blei støtta med 30 % tilskot frå Fylkesmannen. Det blei bygd 1 575 m. ny skogsbilveg, og 2 150 m. bilveg blei rusta opp.



### Jordbruk

Landbruket har slite med bruksnedleggingar og reduksjon i dyretal. Mange område er no mest utan dyr. LT-utvalet har handsama tre konsesjonssaker og to konsesjonssaker om tilleggsareal, samt fem delingsaker.

Det er gjennomført ein "fjøsrunde" der føremålet var å sjå på bygningar med omsyn på ombygging kontra nybygg til husdyrproduksjon. Tilbodet gjekk ut til alle gardbrukarane i kommunen. Det resulterte i ein søknad om BU-tilskot, men det er truleg fleire som har fått ny kunnskap og motivasjon og er i startgropa.

To gardbrukarar har fått innvilga tilskot frå Innovasjon Norge til ombygging av fjøs.

	2000	2006	2007	2008	2009	2010
Jordbruksareal i drift , da	8 805	6 924	6 787	6 978	6 935	6 866
Søklarar av produksjonstilskot	58	46	44	42	43	41
Vinterfødde sau pr 1/06	2 341	1 720	1 360	1 217	1 039	984
Talet på bruk med sau	34	27	25	22	19	16
Tal kyr pr 31/7	104	104	122	121	132	117
Talet på bruk med mjølk	7	6	6	6	6	5

## Rovvilt

Det har vore registrert ulv i beiteområda våre. Berre tre utanbygds sau er godkjent ulvetapt, då det er vanskeleg å bevise tapsårsaker av eldre funn. I tillegg er det mykje tap grunna gaupe.

Erstatning for tap av sau	2006	2007	2008	2009	2010
- tal på søknadar	15	15	7	6	8
- tal dyr innvilga erstatning	227	198	67	94	81

Det er mykje utanbygds sau på sommarbeite i Fyresdal som ikkje kjem med i denne statistikken. Dei åtte søknadane i år har søkt erstatning for tap på 162 småfe (sau og lam).

Normaltapet, dvs. "forventa" tap av ymse årsaker, er 50 sau/lam, medan berre 81 er erstatta. 31 er det ikkje utbetala erstatning for. I kjente tilfeller er der og tap som det ikkje er søkt erstatning for. Gapet mellom erstatta og faktisk tap er difor større enn det som kjem fram av statistikken.



## Motorferdsel i utmark

Saker vedkomande motorisert ferdsel er om lag på nivå med tidlegare år. Det er ca. 400 gyldige snoskuterløyver i kommunen. Motorisert ferdsel på barmark handhevast strengt, og samtlege av desse søknadane blir handsama i LT-utvalet.

Antal søknadar handsama:	2008	2009	2010
§5 Delegert administrasjon	85	155	158
§6 Politisk vedtak	-	5	1

## Utmark

Under årets elgjakt blei det skote 234 dyr, 75 % av tildelt kvote. Fjellgardane og Roan Storvald hadde med bakgrunn i store beiteskader på ungsbogen, moglegheit for vinterjakt i januar. 11 dyr blei skote i denne perioden.

Elgstamma er framleis prega av dårleg kondisjon, med små dyr og få kalvar pr. ku.

Sjølv om elgtettheten er redusert frå 1100 (2003) til under 800 dyr etter jakt i 2010, er framleis beitetilgangen knapphetsfaktoren i fleire områder.

Det blei bare skote sju hjort, og sett svært lite utover dette. Dette var ein overraskande nedgang, då 2009 ga oss indikatorar på at stamma av hjort var sterkt aukande.

Det er skote 49 rådyr i år. Dette er på nivå med føregåande år.

Det blei observert fleire gauper og ei hogaupe blei felt.


Villreinstamma i Setesdal Austhei er i sterk vekst.

Stamma tel truleg kring 2000 dyr.

Det blei difor tildela ei rekordhøg kvote på 1113 dyr, av desse vart 504 dyr felt.

Fyresdal blei tildelt 296 kort, felling på 93 dyr, 31,4%.

I Våmur-Roan Villreinområde er stamma rekna til å vere ca. 200 dyr. Det blei felt 38 dyr av ei kvote på 50, 76 %.



## Avdeling for fellestenester

### Mål

- innføre ny versjon av nettsida
- starte arbeidet med markedsføringsstrategi
- utarbeide risiko og sårbarhetsanalyser
- innføre reglement for innkreving
- innføre reglement for innkjøp
- innføre arkivplan for heile organisasjonen
- gjennomgang av PPR
- gjennomføre kompetanseheving


### Gjennomføre kompetanseheving

Det er tilbudt internopplæring for alle sektorane i ePhorte – to gonger, agresso – ein gong og excel ein gong.


Det er lite oppslutning om desse tilboda.

Fellestenesta fekk midlar frå opplæringspotten, ei byrja på utdanning i arkiv.

Kompetanseheving elles har vore opplæring innan skatt, arbeidsrett, turnusprogrammet på POS, arkiv, valforum, samhandling og hovedavtale.




### Økonomi



Tala i diagrammet svarar til tala i tabell side 4.

Nedgangen på utgiftssida skuldast pensjonskostander og premieavvik.

Den generelle drifta på sektoren har vore i samsvar med budsjett og det er ikkje spesielle avvik gjennom året.



Markedsføringsstrategi - ikkje gjennomført.

Arbeidet med risiko og sårbarhetsanalyser er starta og ein har hatt fokus på dette gjennom hausten.

Reglement for innkreving er påbyrja, ikkje fullført. Det er utarbeidd rutiner for innkreving.

Innkjøpsreglement er laga og vedteke i kommunestyret i juni og gjeldane frå 1.juli. Alle sektorane er blitt meir oppmerksame på innkjøp og avtaler kring dette.

Arkivplanarbeidet er godt i gang. Mange rutinar er på plass og godkjende av leiargruppa. Ein del arkivseriar er registrerte.

Personalpolitiske retningsliner (PPR) blei vedtekne i kommunestyret i desember. Arbeidsgruppa her har vore samansett av politikar, tillitsvalde og administrasjon.

PPR er nå i ei enklare utgåve og ryddigare. Det største endringa er endring i arbeidstid, lengre "sommartid", og nokre reduksjonar i permisjonsreglementet.

Fellestenesta har hatt lærling i vårhalvåret som tok fagprøve i juli.

Ny lærling byrja i september.

### Heimeside

Det er innført ny versjon av heimesida og fleire avdelingar er godt i gang med "levande" sider på sitt område.

Utdrag frå Noreg.no si undersøking av nettstader i Noreg.

Kommune	Tilgjengelighet	Brukar tilpassning	Nyttig innhald	Gjennomsnitt	Antall stjerner
Fyresdal	60 %	73 %	75 %	70 %	★★★★★☆☆
Vinje	60 %	52 %	83 %	66 %	★★★★★☆☆
Nissedal	57 %	70 %	67 %	65 %	★★★★★☆☆
Kviteseid	57 %	67 %	58 %	61 %	★★★★★☆☆
Tokke	40 %	58 %	50 %	49 %	★★★★☆☆☆☆
Seljord	63 %	58 %	28 %	48 %	★★★★☆☆☆☆

Gjennomsnittet har auka frå 43% i 2007 til 70 % i 2010.

I forbindelse med etablering av sida hadde vi fokus på krava frå Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) som gjennomfører målingar av offentlege nettsider ein gong kvart år.

DIFI har fokus på universell utforming og tilgjenge. Resultatet har gitt oss 5 av 6 moglege stjerner og vi er best av Vest-Telemark kommunane.



Ein del av nettsida og innbyggardialogen er etablering av kommunen på facebook.

Det var ein suksess og pr 31.12.2010 hadde vi 732 tilhengarar, dette er 54 % av innbyggartalet i kommunen. Vi er då 3. størst i Noreg på antal tilhengarar i forhold til innbyggartal.

## Sektor for helse og omsorg

### Mål

- dagsentertilbod til heimebuande brukarar vidareførast
- aktivitets- og jobbtilbod for unge funksjonshemma vidareførast
- butilbod for unge funksjonshemma styrkast
- oppbygging av felles internkontrollsystem i sektoren
- systematisk kompetanseheving
- styrke leiarfunksjonar
- stabil helseteneste med god kompetanse
- styrkje samhandling mellom tenester internt og eksternt
- utarbeide rutiner for samordning av individuell plan og ansvarsgrupper
- dagens nivå på tenestetilbod til demente vidareførast
- planlegging og prosjektering av nytt fellesareal med tilrettelagt uteareal til avdeling for demente
- kompetanseheving innan demensomsorg

### Styrke leiarfunksjonar

Oppstart av prosjekt "Arbeidsfordeling mellom pleie og omsorg og fellestenesta oktober 2010 - april 2011".

Omorganisering av tiltak for utviklingshemma, ansvar er flytt til aktivitetsavdelinga.


I pleie og omsorg er det gjennomført eit omfattande internundervisningsprogram. I avd. helse er det gjennomført kortare kurs og internopplæring.

Deltaking i nettverk, i Telemark. 2 i nettverk for palliasjon 2 i nettverk for demensomsorg.

### HMS og kvalitetssystem

Det er arbeidd med ROS-analyse og handlingsplan. Gode tilbakemeldingar på aktivitetstiltak, mange nyttar seg av dette.

### Økonomi



Tala i diagrammet svarar til tala i tabell side 4.

Sektoren hadde i år eit overskot på om lag kr 170 000,-. Det er lagt ned mykje arbeid i gjennomgang av detaljbudsjett. Vi har fått god nytte av ressursstyringsverktøyet GAT, som er eit styringsverktøy i forhold til personell og økonomi. I heile sektoren har det gjennom året vore sterkt redusert vikarinnleige. Dette har medført utfordringar i arbeidsmiljøet og i tenestene. Godt samarbeide mellom avdelingsleiarar har resultert i auka tilskot til styrking og utvikling av tenestene. Barnevern hadde overforbruk på kr 237 000,- grunna auk i varige tiltak.

Vidareføring av ressursstyringsverktøyet GAT, samt vidareføring av Profil som fagsystem med nye oppgraderingar. Innføringa har teke mykje tid og ressursar og gje gode resultat.

### Behalde, rekruttere og utvikle fagkompetanse

Vi har lukkast bra med rekruttering av fagpersonell og vikarar. På slutten av året var det store utfordringar grunna sjukdom. Sektoren har høg andel tilsette med fagutdanning på alle nivå. Vi har rekruttert unge under utdanning i helsefag til helgestillingar.

### Systematisk kompetanseheving

Fullført vidareutdanning:

- 1 sjukepleiar rehabilitering/habilitering 60 studiepoeng 2008-2010.
- 1 hjelpepleiar kreftomsorg 2009-2010
- 1 sjukepleiar sakshandsaming 30 studiepoeng 2009-2010
- 1 sjukepleiar etikk og kommunikasjon 10 studiepoeng 2010
- 1 sjukepleiar/psykiatrikoordinator, psykiatri og rus.
- 1 psykisk helsefagarbeid. 60 studiepoeng.

1 sjukepleiar starta vidareutdanning i eldre og aldring/geriatri 60 studiepoeng 2010- 2012.

## Tenestetilbod til demente

Eksisterande tilbod til demente er vidareført, og utvikla noko innafor ramma. Det er etablert individuelt tilbod til demente i samarbeide med aktivitetsavdelinga. Gjennomført arbeide med kvalitetsrutinar og diagnostisering av demente i samarbeid med tilsynslege. Dagtilbod til heimebuande er etablert som deltilbod i samarbeid med heimetenesta. Det har vore arbeidd med planlegging av demensavdeling.

## Helseteneste

Vi har ei stabil helsetjeneste med god kompetanse. Resultatet av dette er auk i tal pasientar som får behandling i heimkommunen. Dette syner seg i lågt forbruk av sjukehusstenester, heilt i tråd med Samhandlingsreforma.

Helsetenesten har gjennom året hatt eit utstrakt samarbeid med andre sektorar i kommunen, og eksterne samarbeidspartnarar i fyrstelinetenesta. Samhandling mellom tenestene internt og eksternt er styrka. Innbyggjarane i Fyresdal har fått meir heilskaplege tenester.


Helsehuset er nå ferdig renovert og har fått ny handikap-vennleg inngang.

## Helsestasjonen

Helsesyster har hatt permisjon. Avdelinga klarte å gjennomføre det viktigaste helseførebyggjande og helsefremjande arbeidet, med delvis vikar. Skuleåret 2010/ 2011 er det 182 elevar. Det var 80 barn under skulepliktig alder. Helsetilsynet har hatt tilsyn med barselomsorga i september.

Nye tiltak:

- koordinator for jamnlege møte med BUP ( barne og ungdoms psykiatrien)
- rettleiing til 8.klasse elevar ved bruk av samtaleverktøyet Helsesirkel, saman med jordmor.



Nytt inngangsparti på helsehuset

## Legetenester

	Konsultasjon lege	Enkel konsultasjon lege/sjukepleiar	Totalt alle kontaktar, notat og brev
2008	3 092	1 830	11 283
2009	2 867	1 774	11 081
2010	2 844	1 848	11 339

Legetenesta har vore redusert med 20% stilling

## Jordmorteneste

Jordmor hadde 6 fødsjar i år. Tilbod om ungdomshelse er utvida og fleir har bruka det. Jordmor har vore svært aktiv innan førebyggjande helse- og ungdomsarbeid. Jordmor er koordinator for Omsorgsteam.

## Psykiatritenesta

Tenesta har auka ressursbruk innan

- rusbehandling og familieintervensjon.
- psykisk/sosial familieintervensjon
- psykisk helsearbeid for menneske med økonomiske og sosiale vanskar.

Psykiatrikoordinator er leiar av Hjelpgruppa ved kriser.

### Hjelpegruppa ved kriser

Tverrfagleg gruppe. Medlemmene er lege, sjukepleiar, psykiatrikoordinator, jordmor, prest. Elles nyttast mellom anna politiet og prostidiakonen. Teamets hovudoppgåve er akutt krisehandtering.

Det har vore fleire krevjande oppgåver og teamet har fungert godt.

Rutinar og retningsliner er utarbeidde og reviderte.

Kriseteamet har samarbeid med krisegruppene i dei andre kommunane i Vest-Telemark.

### Fysioterapitenesta

Med 95% stilling, har det krevd prioritering av pasientar og pasientgrupper framfor forebyggjande arbeid. Eit stort mål for fysioterapitenesta er oppnådd. Avdelinga har blitt styrka med 50 % stilling frå 2011.

Oversikt over enkelt behandlingar	Behandlingar/ trening pleie og omsorgstenester	Behandlingar på institutt	Trenings grupper
2009	550	583	93
2010	703	611	106

Fysioterapeuten har hovudansvaret for kontakten med Hjelpemiddelsentralen.

### Omsorgsteam

Omsorgsteam er tverrfagleg gruppe med fokus på barn og ungdom i alderen 0 -18 år.

Formål med omsorgsteamet er eit lavterskeltilbod til barn og ungdom.

Det skal kjenneteiknast av tverrfagleg samarbeid mellom tenestene. Målet er å fremme god helse og førebygge omfang av problem og behovet for hjelp.

Omsorgsteam har hatt fleire, og større oppgåver, og resultatane har vore gode.

Teamet har arrangert natteravn, klubbaktivitet sommarstid, jolebord for ungdom og stormøte om rus.

### Fengselshelsetenesta

Vi har fått auka tilskot og har vidareutvikla tenesta.

Vi har hatt 137 konsultasjonar hjå sjukepleiar og 85 konsultasjonar hjå lege. I tillegg kjem administrasjon av medikament, kontakt med andre leger. Vi har eit godt samarbeid med betjentane i leiren.

### Samhandlingsreforma

Samhandling i Vest-Telemark er eit 2 årig prosjektsamarbeid mellom Vest-Telemark kommunane og Sjukehuset Telemark HF.

Det er tilsett koordinator i 100% stilling i prosjektperioden.

Det skal gjennomførast og byggast fram konkrete samarbeidsprosjekt i tråd med føringar i samhandlingsreforma og med pasienten/brukaren i sentrum.

### Sosialtenesta

	2008	2009	2010
Mottakarar av tenester etter Lov om sosiale tenester	43	55	38
Administrative vedtak etter Lov om sosiale tenester	80	130	142
Mottakarar av økonomisk sosialstønad	17	31	27
Kvalifiseringsprogram	3	3	7

Ein av grunnane til nedgangen er at NAV nå har fått ein del over på frivillig forvaltning av sin økonomi, som inneber at NAV styrer økonomien.

13 personar har motteke støttekontakt /avlastning /treningskontakt.

Det har vore 16 støttekontaktar med oppdragsavtaler.

### Integrering

Det kom 14 nye flyktningar.

Vi har nå 21 flyktningar i Fyresdal.



## Barnevern

Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark, viser til barnevernet si eiga årsmelding.

Her nokre tal henta frå denne.

	Meldingar	Under søkingar	Tiltak	Ikkje avslutta 31/12
2008	10	5	10	1
2009	12	6	9	2
2010	4	1	10	0

Det kom 4 meldingar til barnevernet, 3 blei henlagt, 1 gjekk til undersøking og det blei sett inn tiltak.



## Heimetenesta

Heimetenesta har hatt fleire brukarar med behov for omfattande tenester, og høgare andel brukarar under 67 år med samansette og alvorlege, kroniske lidingar.

Det stiller store krav til god fagkompetanse på alle nivå og samarbeid internt og eksternt.

Fleire brukarar har auka presset på tenester kveld, helg og natt samt dagtilbod.

Dette har vore mogleg på grunn av godt fungerande natteneste og dagtilbod og matombringning.

Spreidd busetting er utfordring i forhold til disponering av tilgjengelige ressursar.

## Legevakta i Arendal

Vi har legevaktsamarbeid med legevakta i Arendal. I og med at avstandane er lange, har Fyresdals befolkning tilbod om open time på legekantoret kvar virkedag. I tillegg har dei moglegheit for å få enkel serviceteneste på POS, etter at legevakta har vore kontakta. Dette er ikkje mykje bruka.

Tal frå legevakta i Arendal

	Sjukepleie telefonar	Lege telefonar	Lege konsultasjonar	Lege besøk
2008		138	41	3
2009	166	124	31	2
2010	208	152	54	4


## Sjukeheimsavdelinga

Fleire av våre brukarar har svært høg alder eller er ressurskrevjande brukarar med eit samansett sjukdomsbilete. Mange har stort behov for både medisinsk behandling og pleie. Mange pasientar har fått aktiv medisinsk behandling på POS. Dette krev høg kompetanse hjå personalet, og er mogleg å gjennomføre med god lege- og sjukepleiedekning lokalt og samarbeid med spesialisthelseteneste.

I store delar av 2010 har det vore overbelegg på sjukeheimsplass.

Tal på brukarar på sjukeheim pr.31.12.10: 21 personar.

Aktivitet i pleie og omsorg	2008	2009	2010
Heimehjelp brukarar	61	72	78
Klientsaker/vedtak	181	127	241
Liggedøgn	6 340	7 164	6 790



## Dagsenter/Aktivitetsavdeling



Til jolemesssa

Det har vore nokre utfordringar for avdelinga, ansvaret for tiltak for utviklingshemma er overført hit.

Butilbod for unge utviklingshemma er styrka og er velfungerande.

Vi har oppretthalde eit godt og variert tilbod til våre brukarar / pasientar.

Det er fleire brukarar med samansette behov som bur heime. For at dei fortsatt skal kunne bu heime, er ein avhengig av dagtilbod.

I snitt er det 12 personar som nyttar seg av dagtilbodet. Dette er eit godt førebyggjande tilbod.

Unge utviklingshemma har jobbtilbod ved kantina. Tilbodet der er 2 dagar i veka. Tilbodet er tilrettelagt individuelt, og i tråd med målsettinga. Det er etablert jobbtilbod for utviklingshemma ute i andre avdelingar / bedrifter.

Transporttilbodet er vidareutvikla ved etablering av servicebuss. Avdelinga har godt samarbeid med ulike lag /organisasjonar /friviljuge.

Vi har hatt konsertar og andre arrangement, og aktiviteten har vore høg.

## Kjøkkenet

Kjøkkenet har som målsetting å produsere heimelaga, næringsrik og variert kost tilpassa brukarens behov. Med særleg fokus på å førebygge underernæring, har vi difor eit nært samarbeid med brukaren og helsepersonell.

Det har vore auk i talet på heimebuande med vedtak om middag/ fullkost. Talet på dagpasientar har og auka. Talet på sjukeheimspasientar har vore stabilt. Det er totalt produsert 44 085 måltider til brukarane av tenesta.

Kjøkkenet har som del av kommunens kriseplan oppgåver i forhold til matforsyning ved mellom anna leiteaksjonar og skogbrannar.

Ein leiteaksjon varte ei veke, det blei laga mat til ca 100 personar kvar dag gjennom veka.

Vi leverer mat ved ulike arrangement i samarbeid med dagsenteret.

Kjøkkenet har hatt tilsyn frå Mattilsynet – ingen avvik.



## Sektor for kultur og oppvekst

### Mål

#### Leiing og medarbeidarutvikling

- jobbe aktivt med vaksenrolla i form av opplæring og kollegabasert opplæring
- auka fokus på leiing i heile organisasjonen
- auke kompetansen til personalet på IKT, sosial kompetanse og kommunikasjon
- Auka fokus på omdømmebygging

#### Felles fagmål

- implementere progresjonsplan for lese- og skriveopplæring frå 0 til 16 år
- implementere heilskapeleg plan for overgang barnehage og skule
- utvikle det nye biblioteket til å vere ein stimulerande arena til læring, leselyst og sosial samhandling
- jobbe aktivt med å forbetre tilbodet for barn og unge med behov for alternative opplegg
- arbeide for å få eit ungdomsråd i kommunen med ungdom frå 13-19 år


#### Fagmål skule

- utarbeide og ta i bruk IUP med stegark innan alle basisfag og sosial kompetanse
- utarbeide vurderingskriteria for alle basisfag på ungdomssteget
- jobbe aktivt for å vidareutvikle gode arenaer for dialog skule – heim
- auke kompetansen til lærarane innan matematikk
- auka fokus på sosial pedagogisk rettleiing og yrkes- og utdanningsrettleiing
- utarbeide verksemdsplan for SFO

Besøk på Stortinget



### Økonomi



Tala i diagrammet svarar til tala i tabell side 4.

Totalt har sektoren hatt eit overforbruk på kr 128 182,- Dette skuldast at ein ikkje har justert budsjett i høve til dei ekstra midlane som blei stilt til skulens disposisjon i samband med skuleutbygging. Skulen var gitt ein 30% pedagog auk, ( ca kr 80 000,- for 2010) og kr 100 000,- til meirutgifter pga skuledrift på hotellet.

#### Leiing og medarbeidarutvikling

- Det har blitt jobba med vaksenrolla i barnehagen
- En nyttilsett lærar har fått rettleiing gjennom året.
- Alle leiarane på skulen har vore på kurs i skuleleiar og læringsmiljø
- Alle pedagogiske leiarar har vore på leiar-kurs
- Avdelingsledar på kultur har tatt 30 studiepoeng i kulturleiing
- Sektorsjef har deltatt i KS programmet "styring av utdanninga"
- 3 tilsette er utdanna ART, program for trening i barn og unges sosial kompetanse, sinnekontroll og moralsk resonnering
- Pedagogiske leiarar har fått ephorteopplæring
- IKT-ansvarleg på skulen tar etterutdanning innan IKT
- Alle tiltak jamfør omdømmeprosjektet i skulen er satt i gang, stort fokus på heim/skule
- Skule og barnehage har oppdatert heimesidene

#### Felles fagmål

Progresjonsplan for lese- og skriveopplæring er ferdig utarbeidd, politisk vedteken og teken i bruk i alle avdelingar. Heilskapeleg plan for overgang barnehage og skule er utarbeidd og teken i bruk.

#### "Arbeide for å få eit ungdomsråd i kommunen med ungdom frå 13-19 år"

Det er etablert ungdomsråd.

Sekretær-rolla er lagt til kulturkonsulenten. Det blei gjennomført informasjon, skuleval, og val på klubben.

Rådet har møter kvar månad. Rådet, sekretær og ordførar reiste til Storting og regjering i oktober. I kjølevatnet av dette fekk ei god pressedekning i høve til engasjement i saka om nedlegging av lensmannskontor.

## Gimle skule

### Utarbeide og ta i bruk IUP (individuell utviklings plan) med stegark innan alle basisfag og sosial kompetanse

IUP med stegark er no i bruk frå 1.-7. kl. Dette er eit godt arbeidsreiskap både når ein set opp læringsmål og når ein ser på måloppnåing. Stegarka blir og bruka i samtale med elevar og foreldre.

### Utarbeide vurderingskriteria for alle basisfag på ungdomssteget

Det er laga vurderingskriteria for norsk, engelsk og matematikk i ungdomsskulen.

### Jobbe aktivt for å vidareutvikle gode arenaer for dialog heim-skule

Planen for samarbeid heim- skule- barnehage blei revidert. Den kom no i ei enklare og meir oversiktleg utgåve.

Foreldra yngste å få ein brosjyre kvar haust, der den viktigaste informasjonen stod.

Ein slik brosjyre var på plass ved skulestart.

Våren 2010 starta vi eit nytt tiltak for 1.kl. foreldre. Vi kalla dette "Foreldreskulen". Foreldreskulen er over 3 økter, der foreldre skal bli kjend med kvarandre, med skulekvardagen og med rettar og plikter. Skulen ynskjer og å ha "Foreldreskule" for nye 8. kl. foreldre.

### Utarbeide verksemdplan for SFO

Det er laga verksemdplan for skulen og SFO. Leksetida som blei innført på småsteget er lagt til SFO tida, 2 dagar i veka. Det er få elevar som nyttar leksetid begge dagar.

### Auka fokus på sosial pedagogisk rettleiing og yrkes- og utdanningsrettleiing

Skuleåret 2009/10 vart sosiallærarstillinga og rettleiarstillinga dela på 2 personar. Dette fekk vi berre prøva ut ei lita stund, før same personen gjekk inn i begge stillingane att.

### Utbygging/ombygging av Gimle skule

Arbeidet med skulen tok til tidleg sommar. I forkant av dette gjorde elevar og personale eit svært godt og strevsamt arbeid med utflytting av skulen. 5.-10. kl. flytta til hotellet, der dei skal ha skule til arbeidet på Gimle er ferdig. Fram til jol kunne vi bruka mellomfløyen på Gimle. Før vi tok joleferie, måtte og den tømast. Småsteget har halde til på Gimle i gamlebygget. Målet har heile tida vore at vi skal ivareta eit godt pedagogisk tilbod til elevane. Lærarane har funne nye kreative løysingar for å kunne nå dette målet.



"Turist i Fyresdal"

### Andre hendingar

I år gjekk 10.kl.turen til Balkan. Det var foreldra som hadde hovudansvar for planlegging og gjennomføring av turen.

Open dag denne hausten var både på hotellet og på Gimle skule. Det var utruleg mange som var innom desse dagane. Totalt kunne vi sende kr 21 500,- til prosjekta i Laos.

Det rusførebyggande programmet "kjærlyghet og grenser" blei gjennomført for 8-klasse elevar og føresette.

Hausten 2010 kom vi med i eit skuleutviklingsprosjekt, SKUP. Prosjektet varer til mars 2012. Skulen er tildelt 3 rettleiarar og fått kr 590 000,- til prosjektet. Målet er å betre resultatet på nasjonale prøver.



## Barnehagen

### Fagmål barnehage

- arbeide aktivt med IKT, leing og matematikk
- ta i bruk stegarka innan sosial kompetanse og matematikk i 5-års gruppa
- innføre teikn til tale i alle avdelingar i barnehagen



### ”Felles fagmål –teikn til tale”

Fyresdal barnehage innførte teikn til tale i alle avdelingar, men i løpet av dette året såg ein at ein ikkje klarte å halde fokus på teikn til tale i dei avdelingane som ikkje brukar det i daglegtala.

Noko teikn og symbol vert bruka knytt opp mot alternativ språkstimulering og til ulike kvardagsaktivitetar.

Ei avdeling har jobba svært mykje med teikn til tale i samarbeid med Sørlandets kompetansesenter. Vi har bygd opp kompetanse og verktøy som Sørlandets kompetansesenter er svært nøgde med.

Dei meiner at Fyresdal barnehage er eit ”stjerne-eksempel” og har starta filming av det som skjer i Fyresdal.

### ”Arbeide aktivt med IKT, leing og matematikk”

Alle tilsette var på kurs i matematikk og pedagogiske leiarar på leiarkurs. Gjennom faste møte i barnehagen prøvar ein å halde oppe fokuset på leiarrolla, vaksenrolla og arbeidsmiljøet i barnehagen.

Barnehagen har ved hjelp av fellestenesta fått opp ei flott og aktiv heimeside. Leiarane i barnehagen arbeider aktivt med dokumentasjon, informasjon og bilete ut til foreldra.

Vi har fått svært gode tilbakemeldingar frå foreldra som kun får ut informasjon på denne måten.

### ”Ta i bruk stegark innan sosial kompetanse og matematikk i 5-års gruppa”

I ”Plan for samanheng mellom barnehage og skule” står det at Gardar skal bruke stegarka for sosial kompetanse og matematisk forståing mynta på 5 åringane. Dette skal gjerast i foreldresamtalen i februar. Vi har difor ikkje fått prøve det ut då planen starta i august.

### Tilsyn

Barnehagen har hatt lokalt tilsyn, samt tilsyn frå Fylkesmannen, Mattilsynet, Arbeidstilsynet og Brannvesenet.

Tilbakemeldingar frå tilsyna viser store økonomiske utfordringar i bygningsmessige utbetringar.

I samband med tilsynet frå Arbeidstilsynet gjennomførte vi arbeidsmiljøsamtaler samt høyrsel - og blodtrykktest for alle tilsette.

Undersøkinga viser at Fyresdal barnehage har eit svært bra arbeidsmiljø.

Heile 86 % trives veldig bra i arbeidet.

### Kultur

Det blei tilsett kulturkonsulent i 70% stilling frå mars.



Kulturkonsulenten har arbeidd med følgjande større saker

- plan for kulturbygg, idrett og friluftsliv, full revisjon
- kulturminnevandring i november
- det er initiert eit prosjekt om digitalisering av bilete
- stadnamnregistreringa blir arbeidd vidare med
- ART (agression replacement training) – ho er ferdig art-trenar
- spelemidlar, her er det jobba mykje med tilrettelegging og innhenting av dokumentasjon
- det er arbeidd med HMS-rutiner i klubben, gjennomføring av risikoanalyse og utarbeiding av handlingsplanar.

### **Fagmål kultur**

- jobbe aktivt for at ungdomsklubben og biblioteket held fram med å vere gode og lett tilgjengelege møteplassar for alle innbyggjarane  
- utarbeide verksemdsplan for Fyresdal kulturskule  
- oppretthalde eksisterande tilbod og vidareføre gruppetilboda i kulturskulen slik at dei vert faste tilbod

### **”Utarbeide verksemdsplan for Fyresdal kulturskule”**

Verksemdsplanen for Fyresdal kulturskule vart utarbeidd og tatt i bruk.

### **UKM**

I mars arrangerte kulturavdelinga eit vellukka UKM (ungdommens kulturmonstring).

Vi sendte 3 sceneinnslag, to videoar og 4 utstillingsobjekt vidare til Fylkesmønstringa i Bø. Ingen kom dessverre vidare til landsmønstringa.

### **Olsokdagane**

Olsokdagane inneheldt konsert



med Geirr Lystrup og Førdsal Bygdekor, gatefrukost, messe, aktivitetar, vandring i Folkestadbyen, utfart til Austre Nape og Olsokspel.

I år har kommunen sjølv stått for arrangering av Olsokspelet. Tidlegare år har Vest-Telemark Museum hatt prosjektleiaransvaret.

### **Ungdom og fritid**

**” Jobbe aktivt for at ungdomsklubben og biblioteket held fram med å vere gode og lett tilgjengelege møteplassar for alle innbyggjarane”**

I løpet av året 2010 har vi arrangert fredagsklubb alle fredagar i samanheng med skuleruta. Annan kvar fredag er det kino og tidlegare opningstider. Onsdagsklubben er frå starten av september og ut april, der det blir servert middag og kaker/vaflar. Kvar haust og vår har vi hatt 6-kampturneringar, både på onsdag -og fredagsklubben. Det er laga eige klubbstyre for klubbane.

I løpet av skuleåret blir det og arrangert 3 datavaker og 4 laurdagsklubbar, handletur til Sørlandssenteret i desember, ski/badetur til Hovden i februar/mars.

### **Kulturskulen**

**”Oppretthalde eksisterande tilbod og vidareføre gruppetilboda i kulturskulen slik at dei vert faste tilbod”**



Fyresdal kulturskule kom på lista med topp 15 kulturskular i landet på grunn av svært høg dekningsgrad og eit godt tilbod.

Fyresdal kulturskule har eit stabilt elevtal innan musikk på rundt 60 elevar. Vi har venteliste på om lag 15 elevar innan musikk. 30 elevar har delteke på gruppetilboda våren 2010. Gruppetilboda var då dans og turn (1.-4. klasse), kunst og handverk (5.-7. klasse) og datakomposisjon og låtskriving (8.-10. klasse). I haust har vi hatt 12 elevar med på dans og turn og fleire på venteliste.

Kulturskulen har fleire arrangement i løpet av året, og er godt synlege i Fyresdal. Vi blir ofte spurt om underhaldning på ulike arrangement.

Kulturskulen tek over all musikkundervisninga på ungdomssteget, og musikkveka hadde emnet 70-talet. I tillegg er det lagt ned mykje arbeid i omstrukturering og utviding av musikkundervisninga utanom musikkveka. Det vert gjennomført 6 timar felles undervisning og 9 timar for kvar klasse i ungdomssteget i tillegg til musikkveka.

Kulturskulen gjennomfører musikksamlingar for alle avdelingane i barnehagen 6 gonger vår og haust, i tillegg til samlingar for brukarane på POS kvar veke.

## Kulturmidlane

Det kom inn mange søknadar om kulturmidlar frå idrettslag, grendelag, lag og organisasjonar. Det blei til saman løyvd kr 389 000,- i kulturmidlar. Ein del av summen gjekk til faste tiltak.

Kulturprisen 2010 gjekk til Janne S. Fjellheim og Åsmund F. Kvipt, for deira arbeid på Kvipt gjennom mange år.



Idrettsstipendet gjekk til Bendik Aketun for flott innsats og fleire singlar i skiskyting.

Kulturavdelinga koordinerar den kulturelle skulesekken (DKS) i Fyresdal. Den lokale planen (Kulturmykelen) inneheldt for 2010 mange lokale tiltak, som er tilrettelagt for ungar i barnehagen og skulen.



Kulturavdelinga er og koordinator for Den kulturelle spaserstokken (DKSS) som vi fekk midlar til i 2009. Det blei gjennomført mange arrangement for desse midlane både for brukarar på POS og andre vaksne i kommunen. Vi hadde blant anna konsert med Ingebjørg Harman Bratland og Bygdebris, Geirr Lystrup og Gjertruds Sigøynerorkester. Alle desse arrangementa var vellukka og godt besøkt.

Musikkbingen kom til Fyresdal i slutten av august, og vi gjennomførte høgtideleg opning i oktober.



## Fyresdal Folkebibliotek

**”Utvikle det nye biblioteket til å vere ein stimulerande arena til læring, leselyst og sosial samhandling”**

Til tross for skifting av golvbelegg og stengt bibliotek har det vore eit spennande og gjevande år i nye lokal. Ulike brukargruppene har nå funne sine område i biblioteket og kosar seg med ulike tilbod og sosialt samvere.

Biblioteket har hatt langt mindre besøk av elevane etter flyttinga til hotellet. Biblioteket har hatt eit særst aktivt samarbeid med barnehagen og småsteget. Det har vore 69 lesestunder.

Leseinspirator Liv Gade vitja biblioteket, og barnebokforfattar/illustratør Reidar Kjelsen vitja mellomsteget.



Biblioteket har halde fram med å pakke bokkasser til barnehagen, skulen, helsehuset og skogsleiren etter ynskje.

Utlån	2008	2009	2010
Utlån bøker vaksne	6 856	4 562	6 443
Utlån bøker barn	7 174	4 096	6 432
Utlån film	4 129	3 104	4 955
<b>Samla utlån</b>	<b>18 159</b>	<b>11 762</b>	<b>17 830</b>

## Sektor for plan og teknikk

### Mål

#### Leing og medarbeidarutvikling

- gjennomføre driftsoperatør opplæring
- starte opplæring brannmannskap (grunnkurs, kurs utrykningsbevis, opplæring utrykningsleiar)
- opplæring GIS
- opplæring/oppdatering av ny plan og bygningslov
- fokus på generell fagleg oppdatering
- kompetanseheving ved innføring av ny teknologi (varmepumpe)

#### Service og kundekontakt

- fokus på samordning med andre avdelingar
- vere løysingsorientera innanfor rammene av lovverk og det økonomiske handlingsrom

### Opplæring

#### Leing og medarbeiderutvikling.

Driftsoperatørkurs ikkje gjennomført då det ikkje blei prioritert i opplæringsplanen.


Opplæring brannmannskap har starta med brevkurs for nye mannskap. Resten av opplæringa stoppa på grunn av manglende økonomisk rammer og redusert kursaktivitet på Norges brannskule.

Anna fagleg oppdatering er gjort

#### Service og kundekontakt

Vi har kontinuerlig fokus på samordning med andre avdelingar slik at resultatet for kunden skal bli bra. Likeeins prøvar vi å finne løysingar innafor det handlingsrommet vi har.

### Økonomi



Tala i diagrammet svarar til tala i tabell side 4. Sektoren hadde eit regneskapsmessig underskot på kr 606 000,-. Årsaken er auka energitgifter med kr 703 000,-, manglande refusjonstilskot kr 133 000,-. Utgifter til hotellet med kr 284 000,-, reduserte inntekter ref sjukelønn kr 91 000,- samt innsparte lønsmidlar med kr 574 000,-.

### Statistikk administrativ aktivitet

Aktivitet	2008	2009	2010
Byggesaker, delegert	64	74	84
Nye rekvisisjonar oppmåling	24	41	34
Plansaker	5	6	2
Etterslep mellombels forretningar	36	50	38
Klagesaker	2	1	6

### Reinhald

#### Fagmål reinhald

- delta aktivt i utbyggingsprosessane
- arbeide for å finne betre system for å redusere reinhaldsbehovet ved inngangsparti på kommunale servicebygg
- oppgradere utstyret for å lette arbeidsbelastningane

Vi har delteke i utbyggingsprosessane både i forhold til løysingar og vurderer utstyrsbehov.

Vi vurderar og innføring av reinhaldssoner i fleire kommunale bygg.

Det var mykje ekstraarbeid med klargjering av hotellet til skulebruk. I tillegg har vi hatt reingjering av helsehuset etter oppussing.

#### Renovasjon

Avfallsinnhenting og slamkøyning er sett vekk til interkommunalt selskap. Stadig nye rammebetingelsar frå statlege myndigheter gjer at dette er eit område der ein fort kan få store kostnadskonsekvensar.

Det er særst få klager på ordninga.

### **Fagmål byggforvaltning**

- planlegging/gjennomføring opprustning Gimle skule
- gjennomføre ny veg til helsehus/barnehage/skule
- planlegge kommunehus
- gjennomføre ROS analyse kommunale bygg
- gjennomføre tilstandsanalyse kommunale bygg ved hjelp av programmet IK bygg
- forbetre avfallshandteringa på kommunale bygg
- utvendig rehabilitering 2 bustader
- definere grensesnitt ansvar brukar/forvaltar
- flytte bustadhuset Sletta
- riving av Veum skule og få ruste opp/bygge dusj/garderobeanlegg i samarbeid med grendehusstyret, grendelaget, idrettslaget og skiskyttarlaget
- avklare forholdet med grendehuset i birtedalen i samarbeid med grendelaget og andre

### **Fagmål samferdsel**

- lage plan for prioritera opprusting av dei kommunale vegane
- arbeide vidare med overføring av gateljos til Statens Vegvesen
- arbeide vidare med planlegging av gang- og sykkelveg til Molandsmoen

### **Fagmål plan, byggesak og oppmåling**

- vidareutvikle GIS systemet til eit operativt system for forvaltninga
- gjennomføre revisjon av kommuneplanen med planstrategi
- registrere bygg i matrikkelen
- gjennomføre 2 tilsyn med byggevirksomhetar
- redusere gamle oppmålingssaker med 5

### **Byggforvaltning og uteareal**

Opprustning av Gimle skule er i god gang og går som planlagt. Økonomisk er utbygginga under god kontroll, kostnadene med å tilrettelegge hotellet til skule blei derimot større enn tenkt.

Ny veg til helsehus/barnehage. Vesentleg større masseutskifting enn forutsett, samt naudsynt å legge om kommunale VA ledningar. Prosjektet har fått ca 1.1 mill i tilskot frå Telemark Fylkes trafikksikkerhetsmidlar.

Planlegging kommunehus lagt på is i påvente av avklaring med hotellet.

Arbeid med ROS analyser i gang.

IK bygg utsett til ny web versjon klar.

System for avfallshandtering avklara, blir bygd i tilknytning til prosjekt Gimle.

Rehabilitering av 2 bustader gjennomført.

Definere grensesnitt brukar/forvaltar heng noko sammen med IK bygg og er ikkje gjort.

Flytte bustad Sletta ikkje gjennomført.

Starta arbeida med utbetring i kjellar på Veum grendehus.

Tilbodspapir riving Veum skule under arbeid.

Ingen avklaring i forhold til Birtedalen grendehus.

I tillegg måtte vi prioritere nye himlingar i delar av barnehagen, samt reingjering av ventilasjonskanalar i barnehagen.

Ferdigstilt ny leilighet på Prærien.

Fullført overflateoppussing av helsehuset.

Gjennomført sal av bustadhus i sentrum og industriområde på Veum.

### **Samferdsel**

Vi har vore med i eit nasjonalt arbeid der vi definera tilstanden på dei kommunale vegane. Rapporten konkludera med at vedlikehaldsetterslepet var i størrelsesorden 7 mill.

Vi har fleire gonger purra på Statens Vegvesen om overføring av gateljos langs RV til Statens Vegvesen.

Reguleringsplan for gang og sykkelveg til Molandsmoen har vore ute til offentleg ettersyn.

Vi har og gjennomført anbudsrunde på vintervedlikehald av kommunale vegar. Avtalene er inngått for ein fireårsperiode.

### **Plan, byggesak og oppmåling**

Vi har gjennomført alle plansaker, byggesaker og oppmålingsaker innafor tidsfristane. Etterslepet på oppmålingsaker er redusera meir enn målsettinga, men mindre enn det som kreves etter den nye Matrikkelloven.

Felles kartløyning på internett for Vest-Telemark kommunane er etablara.

Analoge regulerings og disposisjonsplanar er digitalisera.

Byggsøk er lagt på is då det er problem med kopling mot Gis Line og ePhorte.

Planprogram for revisjon av kommuneplanen godkjent.

Registrering bygg i matrikkelen ikkje påbegynt.

Tilsyn byggesak ikkje utført.

## Vatn, avløp, brann og feiing

### Fagmål vatn og avløp

- tilknytte ny pumpestasjon Grunnvik
- fullføre arbeid med slamavvatning på Fyresdal renseanlegg
- fullføre tilknytning vatn Sørbygda
- vurdere luftfjerningstiltak renseanlegg Fyresdal
- fokus på vasslekkasjar Hauggrend
- bore ny brønn vassverk Hauggrend
- fullføre tilknytning ny brønn Fyresdal vassverk
- montere filter Hauggrend vassverk



### Brann

#### Fagmål brann og redning

- gjennomføre ROS analyser i forhold til brannordning

Hendingar	2008	2009	2010
Utrykningar	12	12	15
Tilsyn spesielle objekt	10	12	5
Feia	220	335	350
Tilsyn i hus	128	335	350

Det er starta med ROS analyser.

Kjøpte ny brannbil i juli.

### Vassforsyning

Vassverk	2008	2009	2010
Fyresdal	122 000	124 000	147 500
Hauggrend	26 100	27 300	30 400

Tabellen syner vassbruk målt i m<sup>3</sup>

#### Fyresdal vassverk

15 abonnentar i Sørbygda er kopla på.

Vi har og hatt fleire vasslekkasjer på ledningsnettet enn normalt. Ein av årsakene til dette har nok vore kulden.

Årsaken til auken i vassforbruk er ein kombinasjon av lekkasjar og auka bruk av vassverksvatn til produkt på Telemark Kildevann AS.

#### Hauggrend vassverk

Vassforbruket auka på grunn av lekkasjar.

Stor lekkasje funne på slutten av året, det blei ikkje bora ny brønn.

Filter ikkje montert, men bygd om UV anlegg i staden då dette blei både rimelegare på investering og drift.

Styringssystemet for vassverket havarerte, det blei bygd nytt styringssystem basert på radioteknologi.

### Reinseanlegg / avløp

Reinseanlegg	2008	2009	2010
Fyresdal	74 500	60 000	95 000
Hauggrend	7 200	7 500	6 000

Tabellen syner total mengde reinsa kloakk målt i m<sup>3</sup>

Auka avløpsmengder i Fyresdal har sammenheng med påslepp frå Telemark Kildevann AS.

I Hauggrend skuldast nok reduksjonen i vassmengde meir eit nedbørsfattig år.

Luftfjerningstiltak på reinseanlegg blir sett i sammenheng med slamavvatning og utslepp frå Telemark Kildevann AS.

Andre halvår har Fyresdal reinseanlegg brote utsleppsløyve. Årsak til dette er for høge påslepp frå Telemark Kildevann AS.

Pumpestasjon i Grunnvik er tilknytta kommunalt nett, litt oppussing stend att.

System for slamavvatning ferdig prosjektera på systemnivå.

